

2003

RV-politikarar er ikkje som andre politikarar



RV seier JA til

- at folk sine behov skal vere rettesnor for politikken – ikkje sentrale pålegg og direktiv
- å halde på dei velferdsgodane vi har
- eit skikkeleg fritidstilbod for ungdom i kommunen – på ungdommen sine eigne premissar
- til å tilsette ein ungdomsarbeider i kommunen
- ein større del av samfunnskaka må fordelast på kommunane – ikkje brukast til aksjespekulasjon i utlandet
- skikkelig bemanning på helseinstitusjonane i kommunen
- at politikarane skal ha meir ansvar for innbyggerane i kommunen enn for staten og EU sine pålegg
- at ein større del av skatteinntektene skal vere igjen i kommunen, i staden for å bli brukt til spekulasjon av staten
- eit skikkeleg symjetilbod til folk i kommunen
- at kommunen legg til rette for breiband også i utkantane
- å få på plass fiskerimuseet – ein gong for alle

RV seier NEI til

- å bøye seg for statlege krav om nedskjeringar
- kommunesammenslåing som berre har nedskjering og innsparing som motiv. Ingen har enno påvist korleis innbyggerane får det betre av at kommuner i ytre Nordfjord blir slått sammen
- privatisering og såkalla konkurranseutsetting. Erfaringane så langt er at dette fører til dårlegare tilbod til folk, høgare prisar for innbyggerane og verre arbeidsforhold for dei tilsette
- å auke dei kommunale avgiftene i kommunen. Dette gjeld også dei mange eigenbetalingane - som for eksempel SFO. Det er feigt av politikarane å velte byrda av staten sine manglande overføringar over på innbyggerane
- å bryte vallovnadane. Det skal ikkje vere lov å strø om seg med feite løfter i valkampen før deretter å springe frå dei ved første høve i kommunestyret. Vi vil vere vaktbikkjer for dei andre partia sine lovnader.
- all slags urett, urettferd og undertrykking. Særleg vil vi vere på vakt mot kvinneskimming og rasisme i alle former
- den stadig meir negative utviklinga med auka rusmisbruk blant barn og unge

Kommunestyret er ikkje heilt det same utan ...

- RV seier ikkje: "Stem på oss så skal vi ordne opp". Vi seier: "Folk må gå saman og kjempe sjølv". Så skal vi love å føre kampen inn i kommunestyret; vere talerøyr for folk.
- RV godtek ikkje dei trange økonomiske rammene som staten set for kommunane. Vi meiner det trengst eit kommuneopprør mot staten. Alle dei andre politikarane møter sine eigne parti i døra og feigar ut når det kjem til stykket
- RV tek opp saker som elles aldri ville blitt reist. Anten fordi dei andre ikkje torer, fordi dei meiner det ikkje er viktig eller fordi nokon har sagt at dette ikkje er kommunepolitikk
- RV kjempar alltid for vanlege folk. Dei andre partia høyrer alltid mykje betre etter når dei rike og mektige i kommunen vil ha igjennom noko.
- RV er det einaste sosialistiske partiet som stiller til val. Vi har eit langsiktig mål om eit anna økonomisk system som vil gjere slutt på kriser, krig, fattigdom og arbeidsløyse. Dei andre er mest opptekne av taburettar, personleg framgang og vidare karriere i politikken. Det lengste målet deira er fram til neste val.

”Dei rike sin revolusjon”

Det foregår ei veldig omstilling i Norge. Som mange ikkje forstår. Som mange ristar på hovudet av. På felt etter felt ser vi at det kjem fram bilde av eit heilt anna og ukjent samfunn, heilt ulikt det vi har vore vande med og som vi med eit fellesord har kalla velferdsstaten.

- nedskjeringar og nedleggingar i alle kommuner og fylker
- privatisering av stadig nye områder og tenester
- bedrifter får støtte til å legge ned eller flagge ut
- sjukehusa vart overtatt av staten for å sikre dei, men resultatet er nedlegging og privatisering også der
- elkrafta og energien blir privatisert og prisane flyg i taket
- pensjonar og alderstrygd skal privatiserast og forverrast
- fiskekvotene, ja havet sjølv, skal privatiserast
- skuleverket skal privatiserast

Vi får eit samfunn der dei med pengar kjøper seg tryggleik og velferd, medan veldig mange vil ende opp som fattige og arbeidslause utan tryggleik verken i dag eller i alderdommen.

Denne omlegginga av samfunnet vår skjer ikkje tilfeldig. Den kjem fordi nokon vil det slik og fordi nokon vil tene pengar på den. Når vi også samstundes veit at staten er søkkrik er det fleire og fleire som syns det er ”noko gale ein plass”. RV vil kjempe mot denne utviklinga. Ein av dei måtane du kan gjere det på er å sørje for eit stort og sterkt RV i din kommune og i ditt fylke.

Slengarar – nei takk !

Det er mange som kunne tenkje seg RV i kommunestyret, men som nøyer seg med å føre RV-folk opp på andre parti sine lister. Vi er sjølvsagt takksame for all støtte, men denne måten å støtte RV på har dessverre så godt som ingen praktisk effekt. Dersom du verkeleg vil har RV representert så må du bruke RV si liste når du stemmer.

RV si liste til kommunevalet 2003:

1. Geir Oldeide, Holvik
2. Ove Hopland, Deknepollen
3. Ria Pedersen, Bryggja
4. Kjell Oldeide, Raudeberg
5. Bjørk Erlendsdottir, Raudeberg
6. Terje Bredahl, Måløy
7. Kurt Inge Hopland, Deknepollen

Ta kontakt med RV for informasjon eller medlemskap:
www.rv.no eller www.sogn.og.fjordane.rv.no



Stem RV

